

Referat frå FAU møtet tirsdag 25.10.16

Knarvik ungdomsskule

MOTTATT

14 NOV 2016

Knarvik ungdomsskule

Til stades: Trine Holsen 9B (Leiar), Veslemøy Høvig 10A (Nestleder), Olaf Hella (Rektor), Sherdil Sheriff 8B, Linda Kvamme 8C, Marianne Thorgersen 10B, Arne Ramslien 8A, Ann Kristin Legernes 9D, Vibeke Helldal 9A, Unni Bertelsen 9C, Eli Storsæter 8D (Skrivar)

I. Agenda godkjent

II. Saker

a) Kommunikasjon

Olaf Hella informerer at Visma er forsinket, og under utarbeiding hos Utdanningsforbundet. Forventet implementering i skolen er høsten 2017.

Det manglar ei god løysing for nettbasert informasjonsutveksling mellom skule og heim.

I dag vert det informert på facebook grupper, e-mail, kommunens hjemmeside som fungerer dårlig og elevane sin arbeidsplan.

Arne Ramslien vil skrive eit brev til kommunen og be om at vi får ei digital plattform som er felles, enkel i bruk og framtidsretta.

b) Reflekskampanjen

FAU har bestilt refleks til elevane. Pengar til innkjøpet har dei søkt om og fått frå Fylket si samferdselsavdeling. I tillegg har vi fått inn endel reklamereflekser. Olaf Hella informerer kontaktlærarane og ber dei dele ut refleksane .

c) Trafikksituasjonen

Olaf Hella skal ta kontakt med Nobina v/Ann-Margritt Manger, og avtale tid for skulebesøk, der ho skal informere elevane om bl.a. sikkerheit på bussen.

Ann Kristin Legernes skal skrive eit notat med innspel som går på

forholda for elevane på skulebussen, og leiar vidare sender dette til Nobina.

Det har vore snakka om at det skal settast opp ein bom ved skuleplassen. Det kom forslag om å sende eit brev til eigedomsavdelinga i kommunen og få ei avklaring på det.

Aksjon: Trine skriver og sender brev.

d) Skuleball

Den 2. februar 2017 blir det arrangert skuleball for heile skulen. Vi planlegg og førebur arrangementet på FAU møte i januar. Det kom eit godt innspel om å ha dialog med foreldra i god tid før skuleballet, i forhold til pengebruk til innkjøp av kle.

e) Sterk og klar

Det har kome gode tilbakemeldingar på opplegget frå foreldre som deltok på la den 27.09.16. Det var 30 foreldre som møtte. Olaf Hella skal be om at det blir informert bedre og i god tid før neste arrangement. Det er et nytt opplegg i år, så der er viktig at vi alle framsnakker dette opplegget sånn at fleire foreldre møter.

På 9.klasse trinnet kan det søkast om 5000 kr. til bruk ved Mot arrangement som handlar om tema knyta opp til «sterk og klar».